

# Berekraftig økonomi

## Stad kommune 2025-2029



Stad kommune / 1. oktober

Informasjon frå kommunedirektøren til tilsette

Info  
oktober  
2025

Inngangen til hausten og til eit nytt budsjettår er ei ekstra hektisk tid for dei fleste av oss. Omstillings- og innsparingsarbeidet held fram med full styrke, og Stad kommunestyre hadde møte torsdag 11. september. I dette møtet blei fleire viktige saker knytt til berekraftig økonomi handsama. Dette er saker det er viktig at alle tilsette kjenner til.

### Oppfølging av innsparingskravet for 2025

Stad kommunestyre bad i møte 19. juni 2025 (sak KS-25/108) kommunedirektøren legge fram ei eiga sak med forslag til strakstiltak for å redusere driftskostnadane med ytterlegare 10 mill. kroner i 2025.

Vedtaket vart gjort i samband med gjennomgangen av økonomi- og tenesterapporten om kommunal drift og kommunale investeringar pr. 30.04.2025, der prognosane synte at kommunen låg an til eit meirforbruk på kr 85,1 mill. i 2025.

Som følge av dette kravet frå kommunestyret, er det no innført retningslinjer for avgrensingar i delegert mynde innanfor gjeldande regelverk og årsbudsjett i Stad kommune. Kort sagt betyr det at det er innført restriksjonar når det gjeld:

- Opprette nye stillingar
- Tilsette i ledig fast stilling
- Nytte vikarar ved vakanse
- Bruke overtid ved vakanse
- Gjennomføre tenestereiser
- Delta på kurs og liknande
- Gjere innkjøp av tenester og varer

Kommunalsjefane og stabsleiarane har fått i oppdrag å setje retningslinjene i verk.

Heile organisasjonen har no fått i oppdrag å arbeide for å avgrense forbruket innanfor gjeldande budsjett. Med mål om å avgrense bruken av disposisjonsfond så mykje som mogleg.



### Budsjett 2026 og handlingsprogram 2026-2029

I kommunestyret sitt vedtak av 19. juni 2025 ligg det ei bestilling til kommunedirektør om å kome med forslag til økonomiske rammer for kommunalområda for budsjettåret 2026 og handlingsprogram 2026-29.

Kommunen har vidare fått krav frå Statsforvaltaren i Vestland om å iversette tiltak som gir balanse i økonomiplan/handlingsprogram 2026-2029.

Kommunestyret fekk i møte 11. september 2025 lagt fram eit forslag til økonomiske rammor for kommunalområda for 2026-2029. Som ei tilnærming til saka har kommunedirektøren tatt utgangspunkt i kommunelova sitt krav om at både ein økonomiplan og eit årsbudsjett skal setjast opp i balanse, jf. kommunelova § 14-4 tredje ledd. Dette er også eit krav som kommunen må etterleve dersom Stad kommune skal bli meldt ut av Robekregisteret.

Ei økonomisk planlegging i tråd med kommunelova inneber store nedtrekk i dei økonomiske rammene for alle kommunalområda i åra fram mot 2029.

Tabellen under er godkjent av kommunestyret og synleggjer kva det enkelte kommunalområde samla må spare i økonomiplanperioden 2026-2029.



Kommunestyret gjorde i møte 11. september vedtak om økonomiske rammor for kommunalområda for 2026-29.

	Budsjett	Budsjett	Budsjett	Budsjett	Endring	Endring	Endring
Alle tal i tusen (1000) kr	2026	2027	2028	2029	2026-2027	2027-2028	2028-2029
<b>1 Resultat vidareført frå budsjett 2025</b>	75 272	84 150	68 839	83 325			
<b>2 Reduksjon i ramma for kommunalområda:</b>							
<b>3 Sentraladministrasjonen inkl. politisk styring</b>	-4 000	-7 000	-8 000	-8 000	-3 000	-1 000	0
<b>4 Oppvekst og opplæring</b>	-12 000	-20 000	-26 000	-32 000	-8 000	-6 000	-6 000
<b>5 Helse og omsorg</b>	-12 500	-17 000	-22 000	-27 000	-4 500	-5 000	-5 000
<b>6 Kultur og samfunn</b>	-5 000	-7 000	-10 000	-12 000	-2 000	-3 000	-2 000
<b>7 Tilskot Stad kyrkjelege fellestråd</b>	-500	-1 000	-1 000	-1 000	-500	0	0
<b>8 Sum reduksjon i rammeområda</b>	-34 000	-52 000	-67 000	-80 000	-18 000	-15 000	-13 000
<b>9 Rest ubalanse</b>	<b>41 272</b>	<b>32 150</b>	<b>1 839</b>	<b>3 325</b>			
<b>10 Bruk/avsetning disposisjonsfond</b>	-41 272	-32 150	-1 839	-3 325			
<b>11 Rekneskapsmessige resultat</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>			
<b>12</b>							
<b>13 Sakto disposisjonsfondet 31.12. inkl. avkastn.fond</b>	<b>38 728</b>	<b>6 578</b>	<b>4 739</b>	<b>1 414</b>			

Budsjettet for 2026 og økonomiplanen for åra 2026 – 2029 er i balanse i dette forslaget, men driftskostnadane er framleis høgare enn driftsinntektene. Disposisjonsfondet vil gradvis bli brukt opp desse åra, samtidig som store innsparingar skal gjerast innanfor alle kommunalområda i same periode. Det vil då framleis vere nødvendig å halde investeringane og gjeldsveksten på eit så lågt nivå som mogleg.

KOSTRA-tal viser at Stad kommune driv effektivt samanlikna med andre, noko som gjer det ekstra krevjande å redusere driftsnivået. Særleg i ei tid med demografiendringar og eit auka tenestebehov generelt, uavhengig av dei demografiske endringane. Å oppnå økonomisk balanse i økonomiplanperioden er likevel eit klart tilrådd mål, og fokuset framover må ligge på å drive best mogleg tenesteyting innanfor dei rammene vi har.

## Det vidare budsjettarbeidet

Saka om økonomiske rammer for kommunalområda handlar om overordna «rammer», - ikkje om konkrete innsparingstiltak innanfor det enkelte kommunalområde. Desse vert lagt fram i budsjettsaka i november, etter at kommunalsjefane har gjennomført eit grundig budsjettarbeid saman med sine einingsleiarar og tillitsvalde. Budsjettarbeidet skal gjennomførast i tråd med lov og avtaleverket, og det skal gjennomførast konsekvensanalysar av tiltaka.

## ROS-analyse og møte med HTV/HVO

Den 25. september vart det gjennomført møte med hovudtillitsvalde og hovudverneombod. Eit viktig tema var evaluering av risiko- og sårbarheitsanalysen knytt til omstillingsarbeidet.

Gjennom analysen diskuterer vi forhold som m.a. samarbeid, prosess og organisering, kommunikasjon og arbeidskvarnden for de som tilsette. Som kommunedirektør er eg forplikta å setje i verk tiltak som sikrar at både arbeidsmiljøet og omstillingsprosessane er i tråd med lov og avtaleverk. Eg kjem tilbake med meir informasjon om dette ros-arbeidet.

Vi er også i gang med å oppdatere omstillingsdokumentet for Stad kommune, som vert tema i neste HTV/HVO-møte.

## Flytting av lærings- og aktivitetssenteret i Selje

Ei sak som har vekt engasjement i det siste, er samlokaliseringa av lærings- og aktivitetssenteret med innbyggjartorget i kommunehuset i Selje. Dette vart også teke oppe som skriftleg spørsmål i kommunestyremøtet den 11. september.

Målsettinga er å tilby eit dagsentertilbod tilpassa den enkelte brukar av tilbode, samtidig som ein ser på moglegheita for samskaping og samarbeid med m.a. biblioteket, frivilligsentralen, BUA, dansesal m.m. i kommunehuset. Meir informasjon om denne endringa vil kome.


Svar på skriftleg spørsmål i kommunestyremøtet finn du på kommunen si nettside under «Møteplan og sakspapir» for kommunestyremøtet 11. september. Du kan også sjå og høyre orienteringa om [saka i KommuneTV](#).

## Andre tema og saker

Ein kommune har mange roller, og er også ein stor samfunnsaktør og samarbeidspart. Trass i krevjande økonomiske tider skjer det mykje positivt i kommunen som eg tenkjer vi har god grunn til å vere stolte av.

Nyleg var vi vertskap for teamet i 71 grader Nord, og fekk vist fram kommunen vår – trass dårleg vêr. Vi har og, saman med dei andre kommunane i Nordfjord, blitt sertifisert som eit berekraftig reisemål, noko som er viktig for vidareutviklinga av næring- og reiselivet vårt.

Lærings- og aktivitetssenteret på Nordfjordeid har hatt 10 års jubileum, og ordføraren fekk møte på Statsministeren sitt kontor for å synleggjere det store arbeidet som kommunen har lagt ned for å førebu bygginga av Stad skipstunnel. For å nemne noko.



Lokala i første etasje på kommunehuset i Selje blir no også base for lærings- og aktivitetssenteret sine tilbod. Innflyttinga er planlagt å vere ferdig innan 2025.

I dei krevjande økonomiske tidene vi står i, er det også rom for å glede seg over alt vi får til. De som er tilsette i Stad kommune gjer kvar dag ein stor innsats for å levere gode tenester til innbyggjarane, og vi har mange prosjekt å vere stolte av. - Dette må vi hugse å minne oss på, glede oss over og løfte fram.

## Refleksjon og dialog

I HMS-plakaten vår for omstilling står følgjande spørsmål:

- Korleis arbeider vi med omstillings- og endringsarbeid?
- Kva tenkjer du om endringane som skjer?
- Korleis påverkar omstilling og endringar deg?
- Er det noko informasjon du saknar?

Reflekter gjerne over desse spørsmåla. Snakk med ein kollega du har tillit til, og diskuter i lag. Eller ta ein prat med næraste leiar ved høve.

## Aktuelle møte framover

- 13. oktober: rådsmøte
- 14. og 15. oktober: utvalsmøte
- 16. oktober: finansutval og formannskapsmøte
- 23. oktober: kommunestyremøte
- 30. oktober: HTV/HVO-møte i Arbeidsmiljøutvalet

Informasjon om arbeidet med berekraftig økonomi:

[Midtvegsrapport for arbeidet med program for berekraftig økonomi 2025-2028, august 2025.](#)

[Stad kommune sitt Intranett for tilsette](#)

[Stad kommune si nettside](#)

[Politisk møtekalender](#)

Med helsing

**Kristine Dahl**  
Kommunedirektør



The poster features the Stad kommune logo in the top left and the 'STAD' logo in the top right. The title 'HMS Omstilling' is prominently displayed in blue and black. Below the title, there are two speech bubble icons. The main text describes the goal of the change and restructuring work: to ensure necessary services for citizens in an effective and good manner. It emphasizes that everyone should feel involved and treated with respect, and that good working conditions are essential. A list of reflection questions is provided, identical to the one in the main text. At the bottom left, it states that this is a topic for discussion in employee interviews. At the bottom right, there is an illustration of two people painting a wall, with the text 'HMS TEMA' next to it.

Stad kommune

STAD

## HMS Omstilling

Målet med omstilling- og endringsarbeid i organisasjonen er å sikre at vi gir nødvendige tenester til våre innbyggjar på ein effektiv og god måte.

Alle skal kjenne seg involvert og behandla på ein ryddig og respektfull måte. Det er derfor viktig med god og tilstrekkeleg informasjon under omstillingar og endringar. Vi skal ha eit godt arbeidsmiljø der vi kjenner oss trygge og opplever oss likebehandla og har føreseielege forhold.

- Korleis arbeider vi med omstillings- og endringsarbeid?
- Kva tenker du om endringane som skjer?
- Korleis påverkar omstilling og endringar deg?
- Er det noko informasjon du saknar?

Dette er noko av det du kan ta opp med leiar i ein medarbeidersamtale.

Compilo: Omstillingsdokument for Stad kommune

HMS TEMA